

Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Vår dato: 31.08.2022
Vår ref.: 202011512-9 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: PLAN-20/00307-32

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sin reviderte uttale til andre gongs offentlig ettersyn av reguleringsplan for Salmar Genetics AS på Vågstranda - Gnr. 193 bnr. 2 mfl. og Gnr. 194 bnr. 7 mfl. i Vestnes kommune

Vi viser til brev datert 08.06.2022. Saka gjeld andre gongs offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Salmar Genetics på Vågstranda i Vestnes kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny utbygging, fylling i sjø med kai og utviding av næringsareal.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndende med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin uttale

NVE viser til våre uttaler til planframlegget i brev datert 10.12.2021 og 11.08.2022. Vi er kjend med at kommunen har gitt utett frist for uttale i saka til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal til 31.08.2022. **NVE meiner det er naudsynt å presisere eit forhold ved våre tidlegare uttalar knytt til avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire.**

Områdeskred av kvikkleire

I vår uttale til andre gang offentlig ettersyn peika vi på at det ikkje var tatt omsyn til vår merknad knytt til manglande vurdering av om planområdet kan ligge i utløpsområde for områdeskred av kvikkleire i reviderte plandokument.



Når det gjeld rapportane som er lagt fram i saka vil vi peike på at begge dei to rapportane som er lagt fram i saka er reine datarapportar. Rapportane inneheld **ikkje** faglege vurderingar av fare for områdeskred av kvikkleire i samsvar med tilrådd prosedyre i kapittel 3.2 i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#).

Før planen vert slutthandsama vil NVE sterkt rå kommunen til å syte for at det vert gjennomført ei vurdering som følgjer prosedyren i rettleiar 1/2019. Denne vurderinga må og omfatte ei vurdering av om planområdet kan ligge i utløpsområde for områdeskred.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Vestnes kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

